

# Mattegrubleri

FRÅ KENGURUKONKURRANSEN



1. Sofie har lese ei lita bok. Ho skriv opp alle sidetala i ei lang rekkje: 1, 2, 3, 4 ...  
Då ho er ferdig, har ho skrive 35 siffer.  
Kor mange sider er det i boka hennar?

**Kor mange sider er det i boka hennar?**

- a) 10      b) 22      c) 25      d) 28      e) 45

2. Vi har seks kort, og på kvart av korta er det skrive eit tal.





**Kva er det største talet vi kan lage ved å leggje alle korta etter kvarandre?**

- a) 9 876 543 210    b) 4 130 975 682    c) 3 097 568 241  
d) 7 685 413 092    e) 7 568 413 092

3. På ein gard er det ti høner.  
Fem høner legg egg kvar dag, mens dei andre legg egg annankvar dag.

**Kor mange egg legg hønene til saman i løpet av ti dagar?**


- a) 75      b) 60      c) 50      d) 25      e) 10



4. Ein 15 dm lang trestokk skal kuttast opp. Det er om å gjere å få flest mogleg bitar, men alle bitane skal ha forskjellige lengder. Lengdene på bitane skal vere heile desimeter.

**Kor mange gonger må du kutte trestokken?**

- a) 4      b) 5      c) 6      d) 7      e) 15



5. Biletet viser eit prikkete papir. Avstanden mellom prikkane, både vassrett og loddrett, er lik. Prikkane skal vere hjørne i kvadrat.

**Kor mange kvadrat med forskjellig størrelse er det mogleg å lage?**

- a) 2      b) 3      c) 4      d) 5      e) 6

6. I Bakkegata er det ni hus ved sida av kvarandre. Det bur minst éin person i kvart hus. I to hus som ligg inntil kvarandre, bur det ikkje meir enn seks personar til saman.



**Kor mange personar kan det maksimalt bu i Bakkegata?**

- a) 23      b) 25      c) 27      d) 29      e) 31